



Engelsk ved UiO

Fagmiljøet i lingvistikk vil ha engelsk som undervisningsspråk på master.
– Vi veit for lite om konsekvensane, meiner stipendiat Jorunn S. Thingnes.

SIDE 12–13



Målprisen 2019

– Nynorsk og dialekt er ein viktig del av identiteten til «Lovleg», seier prisvinnande manusforfattar Kjersti Wøien Håland.

SIDE 10–11



Nordiske namn

Med namn skal nasjonen byggjast. Frå kring 1870 fekk mange norske ungar namn som ikkje hadde vore i bruk på fleire hundre år.

SIDE 14–17

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 3
juni 2019



Dialektar under press

Dialektane i dalstroka på Austlandet lever svært farleg. Lèt dei seg redde?

SIDE 4–7

Alvoret vi såg for seint

NT «Det var sjokkerande.» Det er orda Tori Snerte i Hemsedal Mållag brukar for å skildre kor langt språkskiftet i Hallingdal hadde kome for kring 15 år sidan, då ho tok til som lærar i dalen.

NT Orda hennar understrekar alvoret i ein situasjon vi har sett lenge, og som berre held fram med full styrke. Dei enorme taalemålsendingane i delar av Telemark, Buskerud og Oppland blir ofte omtala som dialektendring. Eg meiner vi må tote å seie det som det er: I dalstroka på Austlandet går det føre seg eit språkskifte der det nynorske taalemålet blir erstatta med bokmål.

NT Både i målrørsla og i språkfaglege krinsar har det dei siste tiåra vore vanleg å insistere på at nynorsk er eit skriftspråk, ikkje eit taalemål. Det synspunktet bit oss no i halen. Dersom nynorsk skal vere eit språk å rekne med, er det nøydd til å ha eit taalemålsgrunnlag. No har vi snart kome i den merkelege situasjonen at Nord-Noreg og Trøndelag, der det er fleire tiår sidan nynorsk har hatt noko som kan kallast fotfeste i skulane og kommunane, har eit sterkare nynorsk taalemålsgrunnlag enn Austlandet.

NT Sjølv om taalemålsendinga i retning bokmål går sakta i delar av Gudbrandsdalen og Vest-Tekmark enn resten av dalstroka, er det ikkje nokon grunn til å sjå optimistisk på situasjonen. Den dominerande posisjonen til det talte boknålet gjer at det fort berre er eit spørsmål om tid før det har spreidd seg over heile Austlandet.

NT I dette bladet har vi døme på nokre som har skjøna alvoret og prøver å gjere noko med situasjonen. Det skal dei ha all mogeleg honnør for, og no treng dei sentral hjelp. Taalemålsendinga frå nynorsk taalemål kan ikkje berre observerast, det må motverkast.

NT Den brutale røynda er at nynorsken er i ferd med å misse taalemålsgrunnlaget sitt på Austlandet. Det må både Noregs Mållag og styresmaktene ta på alvor.

ASTRID MARIE GROV

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Astrid Marie Grov,
astrid.grov@nm.no,
tlf. 23 00 29 32


I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Offentlege innkjøp er ikkje smarte dersom dei gir blaffen i at nynorsk er **eit offisielt skriftmål** i landet.



Verktøyet forn

NT LEIARTEIGEN



MAGNE AASBRENN
leiari i Noregs Mållag

overordna målsetting i norsk politikk gjennom ei ørrekke, og i Granavollen-plattforma spesielt, er at norsk skal vera det samfunnsberande språket i Noreg. Som det heiter i plattforma: «Språk er grunnlaget for tenkning og samhandling, en viktig del av kulturarven og en forutsetning for deltagelse i demokratiet. Regjeringen vil sikre gode bruks- og opplæringsvilkår for de offisielle språkene i Norge og de to likestilte målformene i norsk.»

MED DETTE SOM etablerte politisk overordna mål er det påfallande at ordet «språk» berre er nemnt éin gong i ei stortingsmelding om smartare offentlege innkjøp. Innfører ein utstyr og hjelpemiddel som fordrar bruk av engelsk, så blir framtidsspråket i Noreg på det aktuelle feltet engelsk. Derfor må det stillast språkkrav ved offentlege innkjøp og anbodsrundar.

RAPPORTEN FRÅ SPRÅKRÅDETS framtidsutval, «Språk i Norge – kultur og infrastruktur» konkluderer med at krav til språkleg tilgang og kvalitet må takast inn i regelverket for offentlege innkjøp.

DETTE ER GRUNNEN til at Noregs Mållag nyss melde seg på til høyring for ein stortingskomite vi sjeldan møter, nemleg næringskomiteen. Høyringa gjaldt stortingsmeldinga med tittelen «Smartere innkjøp – effektive og profesjonelle offentlige anskaffelser». For den teknologiske utviklinga gjer at språk blir viktigare og viktigare i offentlege innkjøp. Slik er det i eit vidt spekter av område – i alt frå språket i enkle brukarrettleiingar til språket i digitale produkt som omfattar taleforståing og syntetisk tale.

Innkjøpt teknologi legg i mange tilfelle føringer for kva slags språk brukarane skal nytta. Ei



Illustrasjon: Kjartan Helleve

nar handa

Utvælet seier også at staten må stille krav om at bedrifter som utfører statlege oppdrag, til dømes i bygg- og anleggssektoren, må gi nødvendig språkopplæring i norsk til dei tilsette, og at ein må sjå desse krava i samanheng med andre krav til relevant fagkompetanse.

Offentlege innkjøp er nettopp ei mogelegheit til å styre språkutviklinga og avgrense omfanget av engelsk i ålmenta og å syte for at det offentlege følgjer mållova og andre språkkrav også når det kjem til nynorsk og bokmål. Desse omsyna må sikrast gjennom ein statleg innkjøpspolitikk som tar fleire omsyn enn kostnader.

SÆRSKILT MÅ OFFENTLEG innkjøpspolitikk slå fast at Noreg har to offisielle norske skriftspråk. Da må anbodsutlysingar presisere språkkrava og at tenesta eller varen skal fungere for både bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar utan at nokon av partane blir diskriminerte språkleg.

For det er faktisk slik at verktøyet formar handa. Språket som følgjer med offentlege anskaffingar, kjem til å forme språket i Noreg i framtida. Offentlege innkjøp er ikkje smarte dersom dei gir blaffen i at nynorsk er eit offisielt skriftmål i landet.

DET SOM PÅ den andre sida er smart, er å støtte opp om Noregs Mållag og med det nynorsken. Vi er langt den største språkorganisasjonen i Noreg, men vi må bli enda større for å ha reell innverknad i eit språkpolitiske landskap der bokmålet dominerer og

blir sett på som sjølvsgått av altfor mange. Så om du treffer ein venn i sommar som bør vera medlem av Noregs Mållag og ikkje er det, så berre spør. Bokmållskrivarar som støttar at nynorsken finst, er også velkomne. Jo fleire vi er, jo sterkare blir vi. Ha ein god sommar!

*Offentlege innkjøp
er nettopp ei mo-
gelegheit til å styre
språkutviklinga og
avgrense omfanget
av engelsk i
ålmenta.*

I gårsdagens avis ble debattinnlegget om Bleken og Olavsfestdagene oversatt fra nynorsk til bokmål. Vi beklager, det skyldes en glipp. Adresseavisen 9. mai

Nei til Vy-norsk – Ja til nynorsk!
@jenskihl på Twitter

Phishing med nynorsk er ekstremt effektivt, forteller @Oddvarmoe. «Kan dykk hjelpe meg når det gjeld dette søknadsskjemaet: [ondsinnet URL]? Eg prøver å aktivere makroar, men ingenting skjer.»

@securepractice på Twitter

Hello, det heiter «røpnader» på nynorsk.

@Vegardbeid omset «spoilers»
på Twitter

Og «to binge-watch» heiter på nynorsk «å fråtsjå».

@Vegardbeid på Twitter

Eg spurde om å få spele på nordfjordsk, og det sa han ja til først, men då me hadde leseprøve, og eg kom med mi nordfjorddialekt, sa han «Eg trur ikkje det».

**Toralv Maurstad til NRK om
å spele Peer Gynt på nynorsk**

Eg har nett funne ut at Noregs SÄKALLA Mållag har valt å ikkje tildele meg Nynorsk litteraturpris for romanen «Tre 'n Vegard i havet» og er mildt sagt ikkje blid.

@Tjabergnissen på Twitter

Ein mann braut seg inn på hotellet på Skei natt til søndag og stal med seg fleire flasker alkohol, skriv Firda. Ifølgje politiet hadde mannen lyst hår og snakka nynorsk. Han truga også resepsjonisten.

**NRK Hordaland rapporterer om
KRIM OG HENDINGAR
I SOGN OG FJORDANE**

Gode kjelder, skikkeleg disposjon og medlemskap i Norsk Målungdom er blant dei beste eksamenstipsa til Liva Thiis.

Liva Thiis til Hardanger Folkeblad

Vakna med ei kjensle av at det framleis var #nynorskdagen2019 og at han kom til å halda fram i all æve. Dette er nesten som i den amerikanske filmen Nynorsk Day.

@ofseleg på twitter

Yes, the Danish looking stuff is bokmål I, as for the why not nynorsk: «its complicated».

@CarlHedgren på twitter

Æ kom opp i Nynorsk, kill me

@Liicewhe på Twitter

Vinjerock har fem område med særleg fokus:

1. Kultur- og naturglede

2. Nynorsk

3. Lokalt rotfeste

4. Openheit

5. Berekraft og inkludering

**Vinjerock lyser ut stilling som
festivalsjef med desse punkta.**

På rekruttskolen hadde vi en i kompaniet som krevde å få refsen på nynorsk.

@jonheger på twitter

Dialektane i dalstroka på Austlandet

held på å bli utraderte av bokmålet.
Lenge gjorde ingen noko med saka,
men no arbeider somme hardt for
å snu trenden. Lèt talemåla seg redde?

Når språket treng livredning

DET ER KRING 40 år sidan ein for alvor byrja å leggje merke til språkendringane. Det gjaldt særleg eit belte midt i landet, frå Valdres i Oppland gjennom Hallingdal og Numedal i Buskerud til kommunane i Aust- og Midt-Telemark. Stader der nynorske talemål ein gong var like sjølvsgart som hestehov om våren. Men frå tidleg på 1980-talet eller der omkring skjedde det noko med språket. Ungane slutta å snakke den lokale dialekten. Fyrst jentene, men etterkvar kom òg gutane etter. Og det var meir enn «utvatning» av talemålet. Mange av dei unge høyrest nesten ut som om dei kom frå hovudstadsområdet.

– Vi har kort tid å gjere det på

Etterkvar som åra har gått, har trenden blitt tydelegare og tydelegare. Sjølv om ein framleis finn ungdom som nyttar den nedervde dialekten i dalstroka midt i landet vårt, er det i allfall i somme områder langt unna normalen. I dag kan ein valdris eller ein böherring like godt vere frå Jessheim eller Drammen, etter målet å døme. Dei som framleis snakkar dei lokale dialektane, blir eldre og eldre.



DÅRLEG TID: Tori Snerte har lagt ned mange arbeidstimar for å redde hallingmålet. – Vi har kort tid å gjere det på, for vi har mist mange år, meiner ho.

Foto: Svein Rosseland


I mange år gjekk utviklinga sin gang. Språkforskarane observerte og sette ord på dialektavviklinga, men det var dårlig med forsøk på å gjere noko med henne. No er det annleis, og fleire har byrja å tenkje at det

må gå an å finne på noko. Setje inn støyten for å unngå at dei såkalla midlandsmaa blir utraderte for godt. Ei av dei er Tori Snerte i Hemsedal. Ho kjem opphavleg frå Bø i Vesterålen, men arbeider no som musikar, lærar og bonde i hallingsdalskommunen. Ho seier ho vart overraska over kor langt dialektutviklinga hadde kome då ho tok til som lærar for vel 15 år sidan.

– Eg kunne møte bønder frå Hemsedal på rundt 30, med både forældra frå bygda og alle føresetnader for å snakke halling, som snakka bokmål. Det var sjokkerande.

I dei siste åra har Snerte jobba aktivt for å gjere noko med saka. I lag med dei lokale mållaga har ho jobba med tiltak som kan bremse utviklinga. Ein av tiltaka er ein årleg dialektleir på setra hennar, der 10–20 barn og ungdom samlast for å lære å prate halling – ein barneleir og ein ungdomsleir, på 4 dagar kvar. Leirane har skapt merksemad, også nasjonalt.

– På leiren er det klare retningslinjer. Alle elevane må avleggje ein eid om at dei lovar å prate halling medan dei er der. Men samtidig blir ungdomane aldri retta på, så det viktigaste er at dei prøver. Me må



hugse på at desse ungdomane ikkje får halling «på boks», som ein av elevane mine sa ein gong.

Tori Snerte fortel at leirane blir godt tekne imot. Samstundes presserer ho at mållaget ikkje når alle ungdomar med dialektleirane.

– Det er ikkje gjennomsnittet av hallingungdom som kjem på leir. Deltakarane våre har som regel anten foreldre som er veldig engasjerte, eller vener som er tidlegare leirdeltakarar. Og dei må ikkje minst vere villige til å bu på ei seter i ei vekes tid med utedo og alt det inneber. Så for å nå alle treng me andre tiltak i tillegg.

Og dei finst. Som lærar på ungdomsskulen i Hemsedal har Tori Snerte sett opp Ibsen-stykke på halling med alle tiandeklassingane i fleire år.



HALLING PÅ LEIR: Dialektleirane i Hemsedal samlar lokale ungdomar som vil byrje å prate halling kvar sommar. – Det er ikkje den jamne ungdomen vi får med oss på desse leirane, så vi treng også andre arenaer, seier Tori Snerte, ein av initiativtakarane.

Foto: Tori Snerte



ROCKA BESØK: Her er Arne Moslåtten, mangeårig medlem og tekstforfattar i Hellbillies, på besøk på dialektleir i 2015.

Foto: Signe Fuglesteg Luksengard

– Det fyrste året var det berre Nora i 'Dokkeheimen' som fekk replikkar på halling. Men vi syntest det gjekk så bra at vi bestemte oss for at alle rollene i dei ulike Ibsen-stykka skulle spelast på dialekt. Og eg har sett ei tydeleg utvikling i haldninga til elevane i dei åra vi har halde på. I byrjinga var elevane motvillige fordi dei meinte dei ikkje fekk til å prate halling. No er det berre slik det er – heilt naturleg, og dei synest det er gøy og eksotisk å få gjere det.

Tori Snerte meiner i det heile det er gode tider for dei som vil innlandsdialektane vel.

– Det er tida for å smi no, eg merkar at dialekt har blitt meir trendy både lokalt og nasjonalt. Og det er all grunn til å peike på at dialektane kan spele ei svært viktig

rolle i å bygge ein sterk region her i Hallingdal.

Det er all grunn til å understreke alvoret i dagens situasjon, seier Snerte.

– Vi har kort tid å gjere det på, for vi har mist mange år. Dersom vi jobbar systematisk med saka i barnehage og skule og har tolmod med ungane, trur eg det er mogeleg å berge dialektane. Det er viktig at ein ikkje brukar peikefingeren, men at det å bruke dialekten blir lystbetont. At vi leikar oss fram i møte med dialekten.

Tori Snerte meiner det er lett å få dei minste til å skjøne føremålet med å bruke dialekten.

– Ungar er generelt veldig opptekne av det å høre til. Men for at vi skal få dei med oss, er det samtidig viktig at vi kjem oss bort frå

– Eg brukar å tulle med at eg har gjort karriere på dialekt-en min. Så det er heilt openbert at språket er ein viktig del av identiteten i musikken eg lagar.

Daniel Kvammen,
låtskrivar og musikar

det museale. Alle skal kunne identifisere seg med dialekten, uansett interesser. Du treng ikkje luke fjøs for å prate halling.

– Stemninga er pessimistisk

Litt lenger sør har dei dei same bekymringane som i Hallingdal. Sigrun Blaavarp (31) frå Nore er leiar i Numedal Mållag. I barndomen var ho ei av svært få som brukte det lokale numedalsmålet.

– På skulen var det berre eit fåtal som snakka dialekt, men det vart lagt sterke føringar heimanfrå for at eg og dei to søskena mine skulle gjøre det. Faktisk så sterke at det kunne gå utover laurdagsgodteriet om me gløynde oss.

Men dialektbruk var for dei medvitne, då som no, fortel ho.

– Sjølv om det no er endå færre ungar som snakkar dialekt, vil eg gjerne at min eigen son på tre år skal gjøre det. Det prøver eg å leggje forholda til rette for, til dømes gjennom eit samarbeid med barnehagen om at dei skal bruke dialektformer av ord når dei pratar med han. Det har eg møtt stor velvilje for.

Men trass individuelle lypunkt er det all grunn til å vere pessimist også på vegner av numedalsdialekten. Difor har dokumentering og revitalisering av dialekten vore det viktigaste prosjektet for Numedal Mållag dei siste åra. Dei har mellom anna byggt opp ein nettstad med dialektord frå dalen, og laget satsar særleg på arbeid mot barn og unge. Nettsida skal få enkle undervisningsopplegg som kan brukast i skulen, og frivillige dreg på besøk til barnehagane med forteljingar på dialekt. Blaavarp fortel om positive tilbakemeldingar frå folk, men meiner det er ein vanskeleg jobb å få ungar flest til å snakke dialekt.

– Folk er positive til prosjektet, men eg merkar at stemninga er pessimistisk for at me skal greie å ta vare på dialekten. Men som lærar prøver eg å minne elevane mine om at det ute i verda er eit aldeles framifrå sjekketriks å bruke dialekt. Og eg veit faktisk nokre som har teke til å gjøre det etter at dei har fare frå dalen. Det er veldig stas.



Tidlegare generasjonar vokser opp i ei tid då det følgde stigmatisering med det å kome frå landet. Den gongen då bygdeungdom måtte kome saman i dei store byane for å unngå sosial utanforskning og endå til finne seg ein stad å bu. Då kunne det vere freistande både for den eine og den andre å leggje om språket for å få dei same sjansane som byungdomane hadde.

– Har gjort karriere på dialekten

I våre dagar synest nett dét problemet i stor grad å vere borte. Det er ikkje nødvendigvis noko sosial ulempe å snakke «dialekt» lenger, tvert imot kan det gje meir positiv enn negativ merksemd.

Ein av dei som får merke det, er musikaren Daniel Kvammen (31) frå Geilo. Han er den yngste blant fleire som har profilert seg nasjonalt gjennom å syngje på halling. Hellbillies, Stein Torleif Bjella og Tove Bøygard er døme på andre musikarar som gjort hallingmålet til ein viktig signatur.



DIALEKTBRUKAR: Leiar Sigrun Blaavarp i Numedal Mållag er ein av få unge som pratar numedalsmål. Her deler ho ut dialektpris til ein annan: Farmendeltakar i 2018 Kjetil Nørstebø.

Foto: Numedalsnett



INGEN HEIMSTADDIKTAR: Popmusikar Daniel Kvammen er stolt over å vere frå Geilo og syngje på halling, men spelar ikkje på ein sentrum-perifiri-tematikk i musikken sin.

Foto: Johannes Andersen

– Eg brukar å tulle med at eg har gjort karriere på dialekten min. Så det er heilt openberty at språket er ein viktig del av identiteten i musikken eg lagar.

Kvammen fortel at valet om å bruke hallingdialekten var opplagt når han først skulle syngje på norsk.

– Det at det allereie fanst ein musikktradisjon på halling gjorde det mykje enklare. Eg er megafan av Hellbillies og Stein Torleif Bjella, og dei hadde gått opp vegn for meg.

Medan både Hellbillies og Stein Torleif Bjella har sentrum-periferi som eit tilbakevendande tema i musikken sin, gjer ikkje popmusikaren Daniel Kvammen noko poeng i å kome frå verken Hallingdal eller bygda.

– For meg har det vore viktig å vise at bygda kan vere meir enn dei stereotypiane folk har. Ikkje det at forteljingar om småbruk og den slags ikkje er reelle, men eg kjende ikkje igjen berre den delen av bygdekulturen frå min eigen

oppvekst. Bygda var meir nysert. Behovet for å understreke dette var nok særleg viktig for meg i starten av karrieren, for då opplevde eg å bli teken imot som «bygdegu-tten» i musikkmiljøet her i Oslo. Eg ville nok verke som ein ung, verds-vand fyr, sjølv om eg kom frå eit lite dalføre. Og det er ikkje så ofte det blir spela musikk med innlandsdia-lektar på P3, og det er eg litt stolt av.

Kvammen er samd med Tori Snerte i at nykelen til at dialektane skal overleve, handlar om assosiasjonar.

– Om ein vil at dialekten skal bevarast, må ein putte han i ein moderne samanheng og ikkje knyte dialekten opp mot det som var. Det er gjennom å bli ein naturleg del av kvardagen at det å snakke dialekt kan bli attraktivt for unge.

Bokmål som nøytral grunn
Sjølv om språkskiftet i dei fleste dalstroka på Austlandet går svært fort, finst det stader der dialekten

held seg langt betre enn andre.

Då Nina Berge Rudi frå Ål i Hallingdal vart kjærast med ein gudbrandsdøl for kring 25 år sidan, fekk ho raskt eit inntrykk av at dei unge i Gudbrandsdalen heldt betre på dialekt enn dei gjorde i Hallingdal. Det bestemte ho seg for å undersøke i ei hovudfagsoppgåve, og oppfatninga viste seg å vere riktig. Det er no 20 år sidan undersøkinga til Rudi, men funna vart nyleg stadfest av Avisa Valdres. Dei har spurt lærarar ved fleire vidaregåande skular i dalstroka på Austlandet om korleis det står til med dialektbruken blant elevane. Medan Lom, Otta og Vinstra rapporterer om høvesvis 98, 98 og 90 prosent målbruk, er tala for Ål og Gol høvesvis 10–15 og 5 prosent.

I hovudfagsoppgåva si gjennomførte Nina Berge Rudi spørjeundersøkingar blant ungdommar både i Hallingdal og i Gudbrandsdalen for å finne årsakene til skilnaden.

– Ei av forklaringane kan vere

– På spørsmål om dei rekna seg som austlendingar, svara hallingdølane i større grad ja enn dei gjorde i Gudbrandsdalen.

Nina Berge Rudi

innbyggjartalet og dermed storleiken på språksamfunnet. Medan Gudbrandsdalen har over 40 000 innbyggjarar, og då er Lillehammer ikkje inkludert, har Hallingdal berre kring 20 000. Det er gjort andre undersøkingar som viser at små språksamfunn er meir påverkelege enn for språklege endringer enn større.

Rudi oppdaga gjennomgåande ei noko sterkare lokal tilhørsle blant gudbrandsdalsungdomane enn i Hallingdal. Der godtok dei i større grad å vere ein del av ein austlandsregion.

– På spørsmål om dei rekna seg som austlendingar, svara hallingdølane i større grad ja enn dei gjorde i Gudbrandsdalen. Dei var gudbrandsdølar, stolte av det og fleire hadde eit ønske om å vise lokal identitet enn ungdomane i Hallingdal. Men skilnaden er ikkje veldig markant, så sjølv om eg meiner vi kan sjå ein samanheng mellom at ungdommar som er positive til heimplassen i større grad pratar dialekt, veit eg ikkje kor sterk korrelasjonen er.

Sosiale ulemper ved å bruke dialekt ser ikkje ut til å vere ein motivasjon for dialektskiftet i Hallingdal, seier Nina Berge Rudi.

– Verken vanskar med å bli forstatta eller sosial stigmatisering kan forklare språkskiftet hjå informantane mine.

Nina Berge Rudi peikar på at den språklege påverknaden i Hallingdal slett ikkje berre kjem frå det sentrale Austlandet, men frå alle landsdelar. Ein interessant spørsmål er difor kvifor dialektskiftet går til bokmål, når påverknaden er mangfoldig. Rudi peikar på anna forsking som kan tyde på at bokmålet blir rekna som det minst markerte.

– Språkforskaren Brit Mæhlum har undersøkt det same fenomenet blant barn og ungdom som gjekk på skule i Longyearbyen på Svalbard. Der rapporterte informantane at bokmålet vart sett på som «nøytral grunn». Det trur eg kan forklare det strategiske valet bak språkskiftet i dalstroka òg.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no



Ivar Aasen-tunet



aasentunet.no



Olav H. Hauge-senteret



haugesenteret.no

Handlenett.no



Handlenett.no er nettbutikken til Ivar Aasen-tunet, Olav H. Hauge-senteret og Vinje-senteret.

post@handlenett.no / 70 04 75 70

Regjeringa ønskjer tiltak for nynorskbrukarane

Noregs Mållag er nøgd med den ferske innstillinga frå familie- og kulturkomiteen.

– DET ER STRÅLANDE at representantane for regieringspartia i familie- og kulturkomiteen på Stortinget seier at konkrete tiltak må til for å styrka nynorsken, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

I innstillinga til kulturmeldinga, som kulturministeren presenterte i november, seier fleirtalet i komiteen at dei anerkjenner at det er ein rikdom for Noreg å ha to skriftspråk, og at ein konsekvens av det er at ein må ta spesielle omsyn for å hegna om nynorsken og nynorskbrukarane.

Komitefleirtalet, som representerer Venstre, KrF, Høgre og FrP, varslar at målretta tiltak som skal støtta opp om mindretalsspråket, må bli ein del av den kommande språklova og språkmeldinga.

Aasbrenn meiner det viser at det politiske miljøet ønskjer å gjera det lettare å vera nynorskbrukar.

– No må det bli vedteke ei offensiv ny lov som tek utgangspunkt i at bokmål og nynorsk ikkje tevlar på likt grunnlag. Fleirtalsinnsstillinga frå kulturkomiteen peikar på at konsekvensane for nynorskbrukarane må med i rekneskapen alle stader der politikk blir utvikla, til dømes i lovgivinga om ny teknologi, i regelverket for statseigde selskap, i planane for skuleverket, i høgskule- og universitetssektoren, i mediepolitikken og på kultursektoren, seier han.



VIKTIG SPRÅK: – Nynorsk og dialekten min er viktig for meg, det er moro å høre at ein er blitt lagt merke til, seier Gjermund Erikstein-Midtbø.

Foto: NRK

Mediemålprisen til Gjermund Erikstein-Midtbø

Alf Helleviks mediemålpris går i år til Gjermund Erikstein-Midtbø, journalist i NRK Buskerud.

– DET ER VELDIG STAS å få ein slik pris! Nynorsk og dialekten min er veldig viktig for meg, og er noko eg er veldig bevisst på å halde på. Kanskje spesielt fordi eg både jobbar i og er frå eit område der både nynorsken og dialekten dessverre forsvinn meir og meir. Da er det veldig moro å høre at ein har blitt lagt merke til, skriv Gjermund Erikstein-Midtbø i ein kommentar til Nynorsk pressekontor.

Erikstein-Midtbø (27) frå Bø i Telemark jobbar som journalist både for radio, fjernsyn og nett i NRK Buskerud. Han får Alf Helleviks mediemålpris både fordi han har ei god og trygg språkføring, og fordi han har synt eit sterkt engasjement for nynorsken i arbeidet som fast tilsett journalist i NRK Buskerud,

melder Litteraturselskapet Det Norske Samlaget.

Alf Helleviks mediemålpris vart oppretta i 1998, og går til yngre, faste nynorskbrukarar i radio og fjernsyn som legg vekt på å dyrke eit normalisert nynorsk talemål. Prisen er på 25.000 kroner. På lista over tidlegare vinnrarar finn vi blant anna Ingolf Håkon Teigene, Kari Sørbø, Oddgeir Bruaset og Ingvild Bryn.

I grunngjevinga skriv stiftinga at Erikstein-Midtbø har ein lett og munnleg stil som er farga av dialekten hans, men som ligg tett opp mot den normerte nynorsken. I tillegg får han skryt for ei svært god mikrofonrøyst og ei sikker, skriftleg språkføring.

Prisvinneren er ein av berre to nynorskbrukarar i NRK Buskerud. «Han er eit språkleg føredøme i eit område der nynorsken taper terreng, til dømes som skulemål i bygdelag og dalføre. Han har som journalist sett sokjelyset på denne utviklinga», skriv juryen.

NPK



VIL HA NORSK: Egil Lønning i Norsk studentorganisasjon meiner utdanningsinstitusjonane må ta større ansvar for at studentane lærer norsk fagspråk.

Foto: NSO / Skjalg Børner Wold

Studentane krev norsk fagspråk

Norsk studentorganisasjon krev at utdanningsinstitusjonane følgjer mållova.

– Det handlar om identitet og det å kjenne seg att i språket, men òg om fagleg meistring, seier Egil Hole Lønning i Språknytt frå Språkrådet.

Lærarstudenten er fag- og forskingspolitiske ansvarleg i Norsk studentorganisasjon (NSO).

Organisasjonen meiner utdanningsinstitusjonane lyt brette opp emra og vise at dei tek ansvaret for å halde ved like og utvikle norsk fagspråk på alvor.

Engelsk i førarsetet

Ei kartlegging utført av Språkrådet i fjor synte at utdanningsinstitusjonane stort sett lèt språkplanar og retningslinjer ligge ubrukte. Samstundes er mindre enn ti prosent av publikasjonane frå dei tre største universiteta i Noreg skrivne på norsk. Engelsk er også heilt dominerande på doktorgradsnivå, som rapporten «Språk i Noreg – kultur og infrastruktur» syner.

Språkrådet har til og med vore på turné rundt om i landet for å hjelpe utdanningsinstitusjonane å handtere

krysspresset som oppstår når dei både vil ta del i eit globalt forskingsfellesskap og utdanne studentar til den norske arbeidsmarknaden.

– Den spagaten er det vanskeleg å stå i, sa språkdirektør Åse Wetås til Nynorsk pressekontor tidlegare i år.

Ikkje legg ansvaret på studenten

Til Språknytt seier Egil Hole Lønning at ansvaret for å lære seg fagspråket til no har lege på studentane sjølv. Han oppmodar utdanningsinstitusjonane til å kome på bana. Dei må syte for norske lærebøker og oppdatert fagterminologi i termbarar, meiner Lønning.

Dette er i tråd med resolusjonen «Me vil ha norsk fagspråk!», som sentralstyret i NSO vedtok i september 2018. Der kjem det fram at Norsk studentorganisasjon ynskjer at:

- Statlege utdanningsinstitusjonar skal rapportere om målbruken til Språkrådet og ha konkrete tiltak for å oppfylle krava i mållova.
- Statsråden må sende tydelege signal til institusjonane om at dei må følgje lover og reglar.
- Faggrupper må kunne søkje støtte til å bidra til Språkrådet sin termwiki – særleg på nye område, og på begge dei norske skriftspråka.

- Leiarar ved institusjonane må oppmøde dei vitskapleg tilsette til å halde ved like og utvikle norsk fagspråk.
- Det bør opprettast eit nasjonalt senter for norsk som språk og fagspråk.

Tok saka i eigne hender

Ved NTNU har ei rekke studentar teke fagterminologien i eigne hender.

– Som student var eg irritert over därlege og manglande omsetjingar av fagtermar i undervisinga. Det vart verre og verre i studieforløpet, særleg på masternivå. Ofte opplevde vi at faglærarar ikkje kjende til norsk terminologi i fagstoffet dei under-

viste i, seier Johanne Haugland til Språknytt.

No er ho doktorgradsstipendiat i matematikk ved universitetet, men då ho var masterstudent, gjekk ho saman med fleire medstudentar og laga ei omfattande termliste for matematikk. Fleire tusen termar på engelsk, bokmål og nynorsk.

Fagmiljøet tok godt i mot faglista, og no bidreg fagfolk også frå Universitetet i Agder og Universitetet i Oslo med vidareutvikling.

Haugland meiner det er tid for ei overordna, og stabil støtteordning for faggrupper som ynskjer å gjere det same – å utvikle fleirspråklege termlister.

BENTE KRISTIN RUNDEREIM FØLLESDAL
framtid.no

Som student var eg irritert over därlege og manglande omsetjingar av fagtermar i undervisinga.

Johanne Haugland

Nynorsk litteraturpris til Brit Bildøen

Brit Bildøen er tildelt Nynorsk litteraturpris 2018 for boka *Tre vegar til havet*, som er gjeven ut på Samlaget.



Foto: Tove Breistein

- TRE VEGAR TIL HAVET er mange ting, men først og fremst er det ein *modig roman*, skriv mellom anna juryen i grunngjevinga. Juryen har vore Marta Norheim, Carl Morten Amundsen og Nils Henrik Smith.

Det er Noregs Mållag, Samlaget og Det Norske Teatret som står bak prisen. Den er på 30 000 kroner og vart delt ut i Oslo i mai.

Brit Bildøen debuterte i 1991

med diktsamlinga *Bilde av menn* og har sidan etablert seg som ein av våre fremste forfattarar. Ho har skrive romanar, barnebøker og essay, og arbeidd som omsetjar. I fjor utkom, forutan romanen *Tre vegar til havet*, hennar omsetjing av Gertrude Steins kultklassikar *Alice B. Toklas sjølvbiografi*.

I grunngjevinga skriv juryen mellom anna dette:

«2018 var eit svært sterkt år for nynorsk skjønlitteratur. Ikkje minst var det mange debutantar som markerte seg med sterke utgjevingar i både dikt- og romansjangeren. Tre av dei fire nominerte til Tarjei Vesaas' debutantpris, inkludert vinnaren, var nynorskforfattarar. Fjorårets aller beste nynorsk bok kom likevel, etter denne juryens syn, frå tastaturet til ein forfattar som har vore med ei stund.»

Kjersti Mjør får Kulturdepartementets nynorskpris

Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar 2019 går til Kjersti Mjør i *Bergens Tidende*.



Foto: Paul S. Amundsen

HO FÅR PRISEN for eit klart og presist språk og for å stilla viktige spørsmål.

– Kjersti Mjør har ei særeigen journalistisk stemme som har sett sterkt preg på *Bergens Tidende* gjennom mange år. Sakene hennar er prega av stor varme for menneske, nysgerrigkeit og humor, skriv juryen i grunngjevinga.

Juryen peikar vidare på at Mjør er ein av dei beste portrettørane i landet.

– Ingen skildrar vestnorsk liv som Kjersti Mjør. Ho får tagale hardingar i tale. Ho får tytete bergensrar til å tenkja. Og etterpå skaper ho ordkunst av det ho finn og gjer historiene nære og relevante for alle.

Prisvinnaren sjølv er audmjuk og takksam.

– Det er veldig stas og eg kjenner meg stolt når eg ser kva rekke av dyktige journalistar som har fått prisen før meg. Eg kjenner også på gleda over å kunna jobba i ei avis der eg kan bruka språket mitt og skriva slik det er naturleg for meg. Det er ikkje sjølvsagt, seier Kjersti Mjør.

Kjersti Mjør (fødd 1965) kjem frå Kvanndal i Granvin. Frå 1989 til 1997 jobba ho i NRK Sogn og Fjordane, NRK Hordaland og NRK P2. Ho har vore journalist i *Bergens Tidende* i over 20 år.

NPK

Målprisen 2019

Skaparane av NRK-serien **«Lovleg»** tok imot prisen «heime» på Sandane.

MANUSFORFATTAR Kjersti Wøien Håland og produsent Hege Hauff Hvattum var glade og røzte då dei tok imot målprisen frå Noregs Mållag framom eit fullsett auditorium på Firda vidaregåande skule på Sandane i april. Serien **«Lovleg»** går føre seg på Sandane i Nordfjord og følger fiktive elevar ved skulen.

Nynorsken viktig

«Lovleg» gjer meir for nynorsk enn å vise fram den lokale dialekten, for skriftleg tekst spelar ei større rolle enn i tradisjonelle seriar. Både tekstinga av serien, nettstaden og Instagram er på nynorsk. Fleire lærarar har fortalt at dei har brukta serien i nynorskundervisninga i skulen. Det har juryen merkt seg.

– På det sentrale Austlandet kan kunnskapane om korleis det er å leve i Distrikts-Noreg vere låge. Da er det lett at det festar seg ei mistyding om at nynorsk berre er eit språk som finst i skulebøker. «Lovleg» viser den delen av Noreg der nynorsk er språket for alt, sa Magne Aasbrenn då prisen vart delt ut.

Manusforfattar Kjersti Wøien Håland har sjølv vore elev ved Firda vidaregåande skule. Ho er klar på at nynorsken er ein viktig del av «Lovleg».

– Prisen set fokus på ein del av identiteten til serien som er viktig å framstille. Her i Sogn og Fjordane er det ein identitetsmarkør at dei fleste kommuniserer på nynorsk, sa ho til NRK.

Produsent Hege Hauff Hvattum sette også stor pris på utmerkinga.

– Eg er frå Austlandet, og det å få jobbe med eit prosjekt som er så sterkt forankra i dialekt og nynorsk



skriftspråk har vore kjempespen-nande og veldig fint. Det er stort at serien har blitt fanga opp av Mållaget også. Eg er veldig takksam for det, sa Hvattum til NRK.

Slutt for serien

«Lovleg» har fått ros av både kritikarar og publikum for å rette merksemda mot ungdomstida på ein

MÅLPRISET KJELL SNERTE: Hemsedal Mållag har gjeve Målpris til **Kjell Snerte**. Han har vore leiari av Noregs Mållag, redaktør i *Dag og Tid* og tilsett i Samlaget. Etter at han flytta heim til Hemsedal for snart 30 år sidan, har han vore svært viktig for eit viktig målarbeid i Hemsedal og Buskerud.

MÅLBLOMEN 2019: Oslo Mållag har gjeve Målblomen 2019 til varaordførar i Oslo, **Khamshashiny «Kamzy» Gunaratnam**.

– Ho stiller opp og taler nynorskens sak, noko som er veldig flott sidan ho ikkje er ein rotnorsk koftekledd person med dialekt, men ein ung og frisk varaordførar, seier Ellen Helbostad Toft, leiari i Oslo Mållag.



Arkivfoto: Kjartan Hellevi

OM MÅLBYTE: Fitjar Mållag har hatt besøk av **Hege Myklebust**, fyristeamanuensis i norsk ved Høgskulen på Vestlandet. Ho fortalte engasjert om ein artikkel frå doktorgraden ho disputerte med i 2018, der ho har forska på nynorskelevar og kvifor dei eventuelt skiftar til bokmål når dei skal skrive på nettet.

SKILT PÅ NYNORSK: I brev til **Statens vegvesen** peikar Austevoll Mållag på at dei har sett opp ei rekkje bokmålskilt. Målfrid Bjånesøy, leiari i Austevoll Mållag, reagerer saman med resten av styret på dette, etter innspel frå austevollingar, melder avis Marsteinen.

NY LEIARI BUSKERUD: Buskerud Mållag har på årsmøtet valt ein ny leiari. Den nye leiaren heiter **Geir Treterud**, og han bur i Torpo i Hallingdal.

NY LEIARI NOREGS UNGDOMSLAG: **Torbjørn Bergwitz Lauen** er nyleg vald til ny leiari i Noregs Ungdomslag.

DALEKTORED PÅ SPEL- OG DANSTREFF: Elverum dialekt- og mållag har vore på Spel- og danstreff i Elverum i april. Lokallaget stilte med stand og samla inn dialektord gjennom heile helga. Og jammen vart det også kåra beste dialektord.

KRONIKKONKURRANSE: Kronikkonkuransen til **Nord-Aurdal Mållag** og avis **Valdres** vart i år arrangert for sjuande gong, og denne gongen samla konkurransen fleire deltakarar enn nokon gong før.

NYTT STYRE RENNESØY MÅLLAG: Etter fleire år i djup søvn er **Rennesøy Mållag** vekt til live. Siste åra har det blitt verva fleire medlemer, dei har hatt folkemøte og vore vertskap for fylkesårsmøte

019 til «Lovleg»



god og realistisk måte, men etter to sesongar er det slutt. Det har blitt sett i gang ein underskriftskampanje for å få serien attende på skjermen.

Målprisen er den viktigaste heidersprisen Noregs Mållag deler ut kvart år. Styret avgjer kven som får prisen, og han blir gitt til personar eller institusjonar som har gjort ein

ekstra viktig innsats for nynorsken. Tidlegare mottakarar er mellom andre Jon Fosse og Linda Eide. I 2017 gjekk prisen til VG-redaktør Gard Steiro fordi han opna VG for nynorsk, i fjor var mottakaren Magni Øvrebotten, leiar for Nynorsk mediesenter i Førde.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

GLADE: Manusfattar Kjersti Wøien Håland og produsent Hege Hauff Hvattum tok imot Målprisen 2019 på Firda vidaregåande skule.

Foto: Inger Haldis Aske Lothe

i Rogaland Mållag. Sist i april var det årsmøte i laget, og det vart vald eit nytt styre der Gunvor Helle Eiane er kontaktperson.

HØYRINGSSVAR: Sarpsborg Mållag har skrive eit høyringssvar om den nye læreplanen i norsk. Denne har dei sendt ut til lokallaga i Mållaget, til lokalavis og til Utdanningsdirektoratet. Mållaget oppmodar alle lokallaga til å gjøre det same.

NY LEIAR I EVJE OG HORNNES: Evje og Hornnes Mållag har fått ny leiari. Den nye leiaren heter Tonje Kallhovd.

TINGVATN MÅLLAG MED NY LEIAR: Tidlegare i vår var det årsmøte i Tingvatn Mållag. Det kom inn fleire nye medlemer i styret, og Audun Rossetvatn vart vald til ny leiari i laget.



KATHRINE NYGÅRD
leiari i Kringkastingsringen

Med lov skal medielandskapet byggast

DET ER VIKTIG at heile landet møter nynorsk så ofte som råd er. Det stadfestar posisjonen språket har. Ingen andre stader møter folk meir nynorsk enn i radio, fjernsyn og i tilhøyrande nettavisar. Difor er det viktig at media blir ein del av språkpolitiken.

MÅLRØRSA HAR OPP gjennom fått gode målpolitiske gjennomslag. P2 til Trondheim, distriktskontora, journalistutdanninga i Volda, TV 2 og utbygginga av lokalradioane har styrkt nynorsk og dialekt som språk i etermedia. Men heilt avgjerande var sjølv sagt vedtaket om at NRK skal nytte minst tjuefem prosent nynorsk. Det språklege mangfaldet i Noreg syner godt att både i den statlege og private kringkastinga.

TEKNOLOGI, EIGARSKAP OG finansiering endrar seg i eit raskt tempo. Utfordringane er store, og bransjen er endringsvillig. I ein slik situasjon er det fort å leggje vekk det som er nest viktigast, t.d. språk. Då lokalradioane la om frå FM til DAB, forsvann konsesjonskrava om norskspråkleg musikk og lokalt redaksjonelt innhald i sendingane. Allmennkringkastaravtala gjev TV 2 om lag 135 millionar i året, men kanalen var villig til å gå glipp av dei midlane om ikkje avtala fekk ein ordlyd som dei kunne leve med.

DER EIN TIDLEGARE kunne gå ut i frå at posisjonen til ein allmennkringkastar aldri kom til å bli trua, har ein i løpet av dei siste åra sett døme på det fleire stader i Europa. Både den redaksjonelle fridomen og overføringane har blitt skipla. Stortingsmeldinga Mangfold og armlengds avstand — Mediepolitikk for ei ny tid (Meld. St. 17 (2018–2019)) slo heldigvis fast at NRK skal få ha sin redaksjonelle fridom. Samstundes kom det framlegg om å modernisere finansieringa, men halde henne på om lag same nivå.

DETTE ER IKKE gitt. Ved å flytte finansieringa vekk frå ei fast lisensavgift og nærmare ei politisk avgjerd, så risikerer ein at mangfaldet i NRK kjem under press. Danmarks Radio har det siste året opplevd både kutt i den redaksjonelle fridomen og i finansieringa. Over tre hundre tilsette har måttå gå etter ein mediepolitisk hestehandel. Skulle noko liknande skje med NRK i framtida, er det fort at det er dei ytre laga i drifta som forsvinn. Dei som representerer mangfaldet: NRK Nynorsk Mediesenter, NRK Sápmi, NRK FleRe, distriktskontora.

I DAG ER kanalen styrt av NRK-plakat, og til dels kringkastingslova. På sikt kan det vernet vere for svakt. Me er difor samde med kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen, og meiner det må vurderast å lage ei eiga NRK-lov som vernar den redaksjonelle fridomen, men som også vernar språkkrava. Ei slik lov må også ta omsyn til at NRK blir eit stadig viktigare skriftleg organ.

Bør masterstudentar få undervisning på engelsk eller norsk? Ved **Universitetet i Oslo** har spørsmålet skapt debatt den siste tida.

ENGELSK I AKADEMIA:

Farleg eller fantastisk?

FAGMILJØET I LINGVISTIKK ved Universitetet i Oslo (UiO) ønskjer å undervisa masterstudentane sine på engelsk, men møter motbør frå fleire hald. Både delar av deira eige institutt, Språkrådet og fakultetet vender tommelen ned.

Avslag på søknad

I vår sökte Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN) ved Universitetet i Oslo fakultetet om løyve til å gå over til å undervisa berre på engelsk på masterprogrammet i lingvistikk (språkvitskap). Motivasjonen er mellom anna å rekruttera fleire studentar, og at fagmiljøet i større grad vil kunna konkurrera på den internasjonale scenen.

Språkrådet meinte saka var så alvorleg at dei fann grunn til å engasjera seg. I eit brev til instituttet skriv språkdirektør Åse Wetås at framlegget ikkje bør bli ein realitet. Ho argumenterer mellom anna med at språkpolitiske føringar legg vekt på å unngå domenetap for norsk.

Og Wetås kan jubla, for fakultetet sa nei – iallfall i denne omgangen. I grunngjevinga frå studiedekanen heiter det: «Slik overgang til engelsk reiser en del spørsmål av prinsipiell art.» Studiedekanen skriv vidare at det eksisterande engelskspråklege studietilbodet ved fakultetet må evalueraast før det blir gjeve grønt lys for nye tilbod.

– Vi veit for lite

Saka har òg skapt debatt internt på instituttet. Det var til slutt eit



Foto: Universitetet i Oslo

*Dersom alle skulle
seia at dei er så
små at det ikkje har
noko å seie, sit vi
jo til slutt att utan
norsk fagspråk.*

**Jorunn Simonsen Thingnes,
stipendiat ved Senter for
fleirspråklegheit på ILN**

samla styre som vedtok at søknaden skulle sendast, men først etter at han hadde blitt handsama i fleire runder.

Ei av dei som er reagerte på innhaldet i søknaden, er Jorunn Simonsen Thingnes, stipendiat ved Senter for fleirspråklegheit på ILN. Ho forskar på språkpolitikk og meiner søkeren frå ILN gav ei mangelfull framstilling av språkval i akademia.

– Sjølv sagt kan det vera gode grunnar for å velja engelsk iblant. Det som er viktig for meg, er prosessen fram mot ei avgjerd. For at ein skal kunna gå inn for ei slik endring, må argumentasjonen vera god og overtydande. Det synest eg har vore mangelvare i denne saka.

Argumentasjonen Thingnes snakkar om, er eit notat frå dei fast tilsette ved lingvistikk, som har fungert som kunnskapsgrunnlag for instituttstyret i saka. Ho meiner dokumentet sviktar på fleire punkt, og er særleg kritisk til denne utsegna: «[Vi]i kan ikke se at et lite, forskningsbasert og internasjonalt orientert program som en MA i allmenn lingvistikk er, er en vesentlig arena for norsk domenetap.»

– Dette meiner eg er svært alvorleg, for det er jo noko som vil gjelda svært mange fag. Dersom alle skulle seia at dei er så små at det ikkje har noko å seia, sit vi jo til slutt att utan norsk fagspråk. Domenetap skjer nettopp som eit resultat av alle enkeltvala små og store fagmiljø gjer. Ein annan stad i skrivet peikar



fagmiljøet på at det er meir nærliggjande at nordiskfaget tek ansvar for norsk fagspråk. Det meiner eg blir ansvarsfråskrivande, seier Thingnes.

Fagmiljøet har plukka ut fakta som byggjer opp under oppfatninga deira, meiner Thingnes.

– Behandlinga av spørsmålet blir for lettvinne. Argumentasjonen er til dømes at faget vil koma til å tiltrekke seg fleire internasjonale studentar om det blir undervist på engelsk, men dei tematiserer ikkje om det blir like mange norske studentar som før. Eg reagerer òg på korleis fagmiljøet brukar tilstandsrapporten «Språk i Norge – kultur og infrastruktur», som kom frå Språkrådet i fjor, til inntekt for sitt syn. I rapporten blir det til dømes uttrykt uro både for engelsk- og norskkompetansen i akademia, men fagmiljøet har berre teke med den delen som gjeld engelskkompetanse.

Med vedtaket frå instituttstyret følgjer ein klausul om at endringa skal evalueraast etter tre år. Det meiner Thingnes er viktig, og ho er nøgd med at studiedekanen sa nei i denne omgangen.

– Eg meiner det er rett å etterlysa meir kunnskap. Vi veit rett og slett



Personleg synest eg den aukande internasjonaliseringa er heilt fantastisk. Vi kjem til verda, og verda kjem til oss.

Helge Lødrup,
professor i lingvistikk



USEMJE: Ved Universitetet i Oslo er det usemje om masterstudentane i lingvistikk skal få undervisning på engelsk.

Foto: Jensens/Wikimedia

for lite om følgjene ei slik omlegging kan få.

– Må opna opp for verda

Ein av dei som er skuffa, er Helge Lødrup. Han er professor i lingvistikk og har skrive under på brevet frå fagmiljøet. Lødrup seier han er overraska over både den interne behandlinga og merksemda saka har fått.

– Endring av undervisningsspråk er noko som har blitt diskutert på instituttet i nokre år, og eg trudde eigentleg saka var så sjølvsgåt at ho ikkje skulle opp i instituttstyret eingong. Eg er difor òg svært overraska over det førebelse avslaget frå studiedekanen. Eg hadde heller tenkt at om vi av ein eller annan grunn ikkje ville ha engelsk som undervisningsspråk, så ville vi blitt pålagt å ha det.

Lødrup viser til at det finst fleire masterprogram ved instituttet som allereie i dag blir undervist på engelsk. Han opplever at instituttet i stor grad har stått samla bak soknaden.

– Det har kome ei og anna motførestilling, men stort sett oppfattar eg at vi har vore samde om soknaden. Det var jo òg eit samla instituttstyre som gjekk inn for å sokja.

Han er sterkt kritisk til at Språkrådet har blanda seg inn i denne saka.

– Det irriterer meg grenselaust. Dette er eit spørsmål om vi vil opna opp for verda eller ikkje. Og universitetet har dessutan 68 andre masterprogram med engelsk som undervisningsspråk. Kvifor har ikkje Språkrådet sendt brev til alle dei?

– *Meiner du Språkrådet ikkje har skjøna greia?*

– Ja, det gjer eg. Dei uttrykkjer at dei er urolege over at engelsk breier meir og meir om seg i akademia. Personleg synest eg den aukande internasjonaliseringa er heilt fantastisk. Vi kjem til verda, og verda kjem til oss. Dagens studentar er mykje flinkare og meir komfortable med å kommunisera på engelsk enn min generasjon var, og det er kjempeflott.

Lødrup er ikkje uroleg for at færre norske studentar vil søkja seg til studiet om det blir undervist på engelsk.

– Snarare tvert imot. Eg trur det vil vera veldig verdifullt for dei norske studentane å få studera saman med folk frå heile verda.

Forskinga er internasjonal av natur, og då er det heilt på sin plass

å nyta eit fellesspråk, meiner han.

– Folk snakkar om internasjonaliseringa av akademia som om det er noko nytt, men det er jo ikkje det. Om ein går tilbake til 1800-talet, vart òg mange forskingsartiklar skrivne på den tidas fellesspråk, som var tysk. For språkforskinga sin del vil eg òg leggja til at det er nødvendig at verda får tilgang til den forskinga som blir gjort om norsk språk. Det gjer dei ikkje dersom ho blir skiven på norsk. Sjølv dei av kollegaene på instituttet som jobbar med nordisk språkvitskap, publisere mykje på engelsk no.

Helge Lødrup deler ikkje den språkpolitiske uroa for norsk fagspråk.

– Eg interesserer meg ikkje for språkpolitikk, og eg må innrømma at eg ikkje ser kva eg skal vera uroleg for. Vi underviser framleis på norsk på bachelornivå, og eg ser ikkje nokon grunn til å endra på det. Der har vi alle eit ansvar for norsk fagspråk på eit praktisk plan, gjennom å finna norske omgrep for faguttrykka i dei engelskspråklege lærebøkene. Norsk er eit robust språk som kjem til å greia seg godt, seier han.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

Dagny, Hjørdis og Sverre. Utpå 1800-talet byrja nordmenn å gje ungane sine gamle norrøne namn som ikkje hadde vore i bruk på fleire hundre år. I denne artikkelen fortel namnforskar **Gulbrand Alhaug** om fenomenet som blir kalla den nordiske namnerenessansen, som har lagt grunnlaget for mange av namna vi brukar i Noreg i dag.

Når namn byggjer nasjon

DET VAR DEN svenske personnamnforskaren Roland Otterbjörk som i 1964 lanserte omgrepet *den nordiske namnerenessansen*. Med dette omgrepet ville han karakterisere eit typisk trekk ved namnemønsteret på 1800-talet i Skandinavia: fornya bruk av nordiske namn. Denne trenden kan vi sjå i lys av nasjonalromantikken i Skandinavia, og ettersom denne åndsretninga kom tidlegare til Sverige og Danmark, innebar dette at også den nordiske namnerenessansen fekk tidlegare fotfeste i desse landa enn i Noreg.

I Sverige var diktaren Esaias Tegnér ein typisk representant for nasjonalromantikken, og eit verk som *Frithiofs saga* (1825) gav inspirasjon til bruk av namn frå vikingtida. Denne boka vart også populær i Noreg. Frå dansk nasjonalromantikk kan Adam Oehlenschläger (1779–1810) nemnast, og namn som *Tora*, *Signe*, *Gudrun* og *Kjartan* frå dei historiske dramaa hans vart tatt i bruk – i Noreg naturleg nok noko seinare enn i Danmark.

Også i Noreg bidrog forfatarane til å vekke interesse for dei nordiske namna. Dette gjeld bl.a. Ibsen og Bjørnson som i diktning med historiske emne trekte fram namn som *Bergljot* og *Arnljot* (i dikt av Bjørnson) og *Dagny* og *Hjørdis* (i Ibsens *Hermændene paa Helgeland*, 1858). Dette var namn som ikkje hadde vore brukte på mange hundre år i Noreg. Slike

namn fann nordmenn også i norrøn mytologisk litteratur, i Snorres kongesoger og islandske ættesoger. Bruken av nordiske namn fekk eit mykje større omfang i Noreg enn i Sverige og Danmark, og dette kan vi sjå på bakgrunn av at Noreg – i motsetning til Sverige og Danmark – er ein ung nasjon, og namn som var berarar av sagasus frå ei ærefull fortid, medverka til å styrke den nasjonale identiteten.

I nordisk samanheng er det særleg interessant å sjå på parallellear mellom Noreg og Finland når det gjeld namn inspirerte av nasjonalromantikken. Også Finland er ein ung nasjon (uavhengig i 1917), og naturleg nok spelte namn ei viktig rolle under den finske nasjonsbygginga på 1800-talet. I Finland var det særleg namn frå det nasjonale helteeposet *Kalevala* som var eigna til å markere nasjonal identitet. Det var folkeminnesamlaren Elias Lönnrot som i 1849 redigerte dette eposet som er ei samling av segner og songar han hadde samla inn under reiser i Finland. I dette eposet fann finnane kvinnenamn som *Aino*, *Tellervo* og *Kyllikki* – og mannsnamn som *Ilmari*, *Kaleva*, *Seppo*, *Väinö* og *Väinämö*.

Framveksten av den nordiske namnerenessansen i Noreg

Som namnforskaren Kristoffer Kruken har påvist, finst det sparsomme døme på bruk av renessansenamn i Noreg rundt år 1800,

t.d. *Sverre* og *Odin*, men sjølv gjennombrottet for desse namna kom seinare på 1800-talet. I fagmiljøet har det vore diskutert når gjennombrottet kom. På grunnlag av eiga fersk forsking meiner eg å kunna påvise at det var rundt 1870 at desse namna for alvor fekk vind i segla. Det er nemleg på dette tidspunktet vi oftast kan sjå overgangen frå ei forholdsvis flat namnekurve til ei bratt kurve for renessansenamna. Dei kurvene eg har presentert i denne artikkelen, er basert på femårsperiodar (1860–64, 1865–69 osv.).

Av dei som engasjerte seg for bruk av norske namn, vil eg særleg nemne Ivar Aasen og P.A. Munch. I denne samanhengen høver det å sitere den talande titelen på eit skrift som P.A. Munch gav ut i 1849: *Nogle Ord til Overvejelse om vore brugelige Personsnavne, og om at holde vore nationale Navne i Agt og Ære*. Han er ikkje nådig mot dei som vil stase opp eit norsk namn med utanlandsk pryd: «En endnu værre Forvanskning er det, naar affecterede, smagløse Personer, af Frygt for at den nationale Klang skal være altfor simpel, tro at forskjonne Navne som disse ved at tilføje latinske Endelser, -us og -ius, som f. Ex. naar nogen lader sin Søn døbe *Gunnerus* eller *Gunnerius* istedetfor *Gunnar*.»

Kongenamn frå sagatida var naturleg nok populære i Noreg under den nordiske namnerenessansen, og i «Ja, vi elsker» (trykt



Foto: HSI FAK UiT/Torje Jøssen

Gulbrand Alhaug er professor emeritus nordisk i språkvitskap ved UiT – Noregs arktiske universitet.




TIDLEG DAGNY: Dagny Juel (1867–1901) var ein norsk forfattar og kulturarbeidar som fekk namnet sitt heilt i byrjinga av den nordiske namnrenessansen i Noreg.

Foto: Kvinnemuseets fotoarkiv

i 1859) nemner Bjørnson desse kongenamna i det andre verset: *Harald, Håkon, Øyvind, Olav* og *Sverre*. Det er i dei to siste linjene i dette verset han skriv om Sverre som talte Roma midt imot, noko som kan ha inspirert nordmenn til gi sonen dette namnet. Namnet var ikkje brukt sidan 1261.

Gudrun og Sverre – typiske rennessansenamn

Korleis er den typiske kurveprofilen for eit rennessansenamn? Eg har vist dette med to døme, *Gudrun* og *Sverre* i same diagram. Vi ser at begge namna så å seia ikkje er brukte i fyrste halvdel av





1800-talet, men rundt 1870 byrjar så begge namna å stige bratt, og dei når toppnivået tidleg på 1900-talet (rundt 1910). I åra 1908–10 ligg *Gudrun* faktisk som nr. 2 på ranglista for jentenamna. I femårs-perioden 1905–09 er det til saman 258 jenter (relativt av 10 000) som får namnet *Gudrun*, dvs. 2,58 % av alle jentene fødde i denne perioden. Etter å ha nådd toppen tidleg på 1900-talet får både *Sverre* og *Gudrun* ein forholdsvis bratt nedtur inntil kurva flatar ut omkring 1980. Nokre namn, som *Gudrun*, er nesten utraderte, mens andre, som *Sverre*, held seg på eit noko høgare nivå. Ja, *Sverre* byrjar til og med å stige att på slutten av 1900-talet.

Iver Aasen vart Ivar Aasen

I dåpsboka er Ivar Aasen (1813–96) innskriven med fornamnet *Iver*, men i 1846 endra han *Iver* til *Ivar*, noko som var betre i samsvar med den norrøne opphavsfoma *Ivarr*. I figuren som viser popularitetsutviklinga for *Ivar* og *Iver*, ser vi at *Ivar* var lite brukt tidleg på 1800-talet, og heller ikkje på 1840-talet, da Aasen gjekk over til *Ivar*, var denne varianten vanleg. Det var først tidleg på 1860-talet at *Ivar* begynte å få vind i segla, og i perioden 1885–89 kryssar den stigande kurva for *Ivar* den nedgående kurva for *Iver*. *Ivar* når så toppen i 1925–29 og fell deretter til eit botnnivå frå 1985 og fram til

Eit allment trekk er at nye namneskikkar først får innpass i høgare sosiale lag i byane, og dette gjeld også renessansenamna. Dette kjem klart fram på 1800-talet da klasleforskjellane i Noreg var mykje større enn i dag.



i dag. *Iver* derimot frisknar til liv på slutten av 1900-talet og kryssar den flate kurva til *Ivar* i perioden 1995–99. Kvifor kviknar så *Iver* til? Om vi ser bakover på kurvene til dei to variantane, oppdagar vi at det var lenge sidan *Iver* var i vinden, mens *Ivar* var svært vanleg på 1900-talet. Foreldre vil i dag gjerne velja namn som dei meiner skil seg noko ut, og for dei vil *Iver* framstå som eit meir særmerkt namn enn det vanlege *Ivar*, for rundt år 2000 levde det omrent 11 gongar så mange menn med namnet *Ivar* som *Iver* i Noreg. Somme vil kanskje seia at *Iver* har eit visst dansk preg, men i Danmark er *Ivar* og *Iver* brukta omrent like mykje, og *Iver* kan sjåast på som ein austlandsk variant utvikla av det norrøne *Ívarr*. Her har altså ein trykksvak *a* vorte til *e* etter opphavleg lang rotstaving i norrøn. Det finst ein del andre døme på at variantar utvikla etter norrøn tid

har gått tilbake på 1800-talet, mens den meir opphavlege forma, dvs. renessansenamnet, har hatt stor framgang i siste halvdel av 1800-talet. Som døme på nokre andre namnepar av typen *Ivar* – *Iver* vil eg nemne *Gudrun* – *Guro*, *Erling* – *Elling* og *Øyvind*/*Eivind* – *Even*.

By og land

Nye kulturimpulsar har fyrst slått gjennom i byane. Dette gjeld også dei namna som inngår i den nordiske namnerenessansen. Eit godt døme på dette er *Erling*, eit namn som foreldre kan ha funne i Snorre (*Erling Skjalgsson* på Sole, svoger til kong Olav Tryggvason). Eg har presentert ein figur som viser geografisk utbreiing for namneparet *Erling* – *Elling* på 1800-talet. Det går klart fram at renessansenamnet *Erling* da var suverent mest brukta i Kristiania og Bergen, og Bergen står her i skarp kontrast til Sogn og Fjordane som viser det motsette

mønsteret: *Elling* klart meir brukta enn *Erling*. Sogn og Fjordane er jo eit fylke med lite urbant preg. Det er eit allment mønster at renessansenamna står klart sterkest i byane, mens variantane utvikla etter norrøn tid, t.d. *Elling*, held seg godt ute på landet på 1800-talet.

Den sosiale dimensjonen

At renessansenamn fyrst slo gjennom i byane, har nær samanheng med den sosiale dimensjonen – at overklassa var betre representert i byane enn på landsbygda. Eit allment trekk er at nye namneskikkar først får innpass i høgare sosiale lag i byane, og dette gjeld også renessansenamna. Dette kjem klart fram på 1800-talet da klasleforskjellane i Noreg var mykje større enn i dag.

I ein artikkel frå 2009 om namn i Ibsens *Hærmendene paa Helgeland* har eg vist at namna *Dagny* og *Hjørdis* vart populære i Trondheim like etter at dette

skodespelet vart oppført i denne byen (1859). Og kven var det som gjekk i teateret midt på 1800-talet? Jo, det var overklassa. Utover på 1860-talet kan eg så påvise at desse to kvinnenamna stort sett berre er brukte i overklassa. Men i 1880-åra skjer det så ei endring i byane. Nå har desse namna også fått innpass i lågare sosiale lag, og etter kvart sluttar overklassa å gi namna *Hjørdis* og *Dagny* til barna sine – kanskje fordi dei har registrert at desse namna nå har vorti allemanns-eige. Og frå 1880-åra er det ikkje nødvendigvis nasjonalromantiske motiv som har fått foreldre til å gi barna slike namn. Eit døme på dette kan vera at ein fyrbøtar og kona hans gav dottera namnet *Dagny* i 1898, men desse foreldra var neppe inspirerte av sagasus frå Ibsens diktning, men ville snarare etterlikne den tidlegare namnesmaken i høgare sosiale lag. Når det gjeld *Dagny* og den



UNG SIGRID: Popmusikaren Sigrid Solbakk Raabe, kjend som berre «Sigrid», har teke namnet ut i verda.

Foto: Richard Isaac/REX

sosiale dimensjonen, kan eg forresten hugse frå barndommen at ei eldre overklassedame i bygda insisterte på at namnet hennes *Dagny* skulle uttalast med lang *a*-lyd og tydeleg *g*, ikkje med kort *a* og *ng*-lyd, noko som ho såg på som vulgær uttale.

I ei masteroppgåve frå 2010 (UiT – Noregs arktiske universitet) har Lars Erik Dahlberg studert sju vanlege renessansenamn i eit geografisk og sosiologisk perspektiv (*Borghild, Dagny, Gudrun – Hjalmar, Ragnvald, Sverre, Trygve*). Han viser at seks av desse sju renessansenamnna er klart mest brukte i overklassa i den første perioden (fram til 1865). I den siste perioden (1891–1900) er desse namna derimot mest vanlege i lågare sosiale lag. Eit interessant poeng er at *Hjalmar* er det einaste namnet som i alle periodane er mest brukt i den lågaste sosiale gruppa. Dette sett han i samanheng med at *Hjalmar* først og fremst var kjent frå skillingsvisa om

Hjalmar og Hulda, og skillingsviser var mest populære i lågare sosiale lag.

Kjem renessanse-namna tilbake?

Desse namna var blant dei mest vanlege renessansenamnna på slutten av 1800-talet: *Gudrun, Borg-hild, Hjordis, Dagny, Inga, Alfhild, Hildur, Bergljot, Dagmar, Alvilde, Åsta/Aasta/Asta, El(l)ida, Nanna, Gyda – Olav/Olaf, Gunnar, Harald, Einar, Ivar, Helge, Sverre, Erling, Egil, Bjarne, Reidar, Alf, Håkon/ Haakon, Asbjørn, Sigurd, Ragnar, Birger, Ingvald, Aksel/Axel, Ottar, Ragnvald, Ingolf, Kolbjørn, Hjalmar, Sigvald, Fridtjof, Halfdan*. Som vi ser, er det fleire mannsnamn enn kvinnenamn, og dette kan nok forklarast med at det først og fremst er eit mannsamfunn som er skildra i dei kjeldene som ligg til grunn for renessansenamna, t.d. Snorres kongesøger.

Renessansenamna kan reknast som ei viktig gruppe blant dei nordiske namna, men mens renessansenamna kulminerer tidleg på 1900-talet, gjeld dette ikkje dei nordiske namna heilt allment. Såleis er det fyrst i 1960-åra at det byrjar å gå nedover med dei nordiske mannsnamna, og når dette ikkje har skjedd tidlegare, kjem dette av at det utover på 1900-talet kom ein ny generasjon av nordiske namn, og dei nådde toppen seinare på 1900-talet enn renessansenamna. Dette gjeld bl.a. einstava namn som *Bjørn, Kjell, Tor, Odd, Svein, Stein, Stig og Geir*.

Kan vi så vente at renessansenamna kjem tilbake? Om vi studerer dei 50 mest vanlege kvinne- og mannsnamna som Statistisk sentralbyrå presenterte for 2018, finn vi svært få renessansenamn: *Aksel/Axel* (nr. 8), *Håkon/Haakon* (nr. 22), *Olav* (nr. 26) – *Ingrid* (nr. 15), *Sigrid* (nr. 33), *Astrid* (nr. 35). Når dagens foreldre har gitt barna slike namn, kan

det ikkje forklarast som påverknad av norsk nasjonalromantikk frå 1800-talet. Det må vera andre grunnar. Framleis har kongelege namn appell til norske foreldre, og namn som *Haakon/Håkon, Olav* og *Astrid* kan til dels ha vore inspirerte av kongehuset. Dette kan bl.a. avlesast i oppsvinet for *Haakon/Håkon* på 1980-talet (jf. kronprins Haakon Magnus).

Elles har vi sidan 1990-åra kunna registrere at foreldre kallar opp barna etter oldeforeldra eller tippoldeforeldra. Renessansenamnet *Sigrid* er eit godt døme på dette. *Sigrid* var på topp rundt år 1900, gjekk så tilbake fram til namnet byrja å stige att i 1990-åra. Og etter 2015 har *Sigrid* hatt ei bratt kurve oppover. Tilsvarande viser diagrammet for *Sverre* at også dette namnet nå er på veg opp. Når vil så morgondagens foreldre ta i bruk andre av dei renessansenamna som var populære rundt 1900? Kan *Gudrun* og *Borghild* få ein ny vår?

GULBRAND ALHAUG

– Hjelp oss å bli kvitt plasten!

Mållagsleiar Magne Aasbrenn oppmodar fleire gåvegevarar om å teikne avtalegiro.

– NEI, Å SENDE UT Norsk Tidend pakka i plast gir meg ikkje noka god kjensle, seier leiar Magne Aasbrenn. Han vil gjerne finne ei løysing på korleis vi kan slekke innpakkinga av medlemsbladet.

1,5 millionar kr på spel

Aasbrenn forklarar at han samtidig er nøydd til å tenkje økonomi.

– Grunnen til at vi sender i plast, er at vi vil ha med den gode gåvegiroen i sendinga. Giroinnbetningsblanketten er ei tydeleg påminning til medlemmene om at målgåver er ein fin ting, og denne blanketten høver perfekt inn i betalingsrutinane som folk elles har i heimen. Andre løysingar, som å stifta eller lime blanketten inne i bladet, har synt seg ikkje å ha same effekt.

Aasbrenn fortel at kvart nummer av *Norsk Tidend* brukar å bringe inn over 250 000 kroner i gåver til organisasjonen. Til saman i fjar fekk vi over 1,5 millionar i målgåver.

– Dette er pengar vi kan nytte til mykje godt arbeid for nynorsken. Om vi mistar målgåvene, mistar vi store tilskot til drifta vår.

Teikn avtalegiro

Som løysing på utfordringa oppmodar Aasbrenn gåvegevarane om å teikne avtalegiro.

– Den gamle giroblanketten på papir er eigentleg ei leivning frå fortida. Veldig mange medlemmer har som fast rutine å gi eit fast beløp til Mållaget, til dømes fem gonger i året. Lettare for organisasjonen og lettare for givarane må det da vere å teikne ei avtale om avtalegiro for gåvebeløpet.

Aasbrenn minner om at dei som har målgåve som avtalegiro, slepp å få Norsk Tidend pakka i plast.

– Dersom du har teikna avtalegiro for gåver og får bladet i plast, må du ta kontakt med oss, for då er noko feil. Og her kjem eit løfte frå meg: Når det store fleirtalet av givarar går over til avtalegiro for målgåver og vi får sikra gåveinntektene til Noregs Mållag på den måten, så skal alle sleppe å få avis i plast. Så om du er ein av dei gåvmilde folka som veit du vil gi målgåver med jamne mellomrom framover, teikn avtalegiro med det same. Det gir mindre å hugse på for givaren, økonomisk tryggleik for Mållaget og ei aldri så lite framsteg for miljøet, avsluttar Aasbrenn.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

SLIK TEIKNAR DU AVTALEGIRO:

- Gå inn i nettbanken og betal gåvegiroen som vanleg.
- Det er viktig at du brukar heile KID-nummeret, som byrjar på 1902. Dette er for å skilje denne avtalen frå eventuelle avtalar om medlemspengar.
- Etter du har stadfest betalinga, vel avtalegiro.
- Det er viktig at du vel avtalegiro, ikkje e-faktura – for me sender ikkje målgåvegiroar som e-faktura.
- Alternativ: Du kan også gå rett til «opprett avtalegiro» i nettbanken – og då brukar du KID-nummeret som referanse. Dette vil sjá ulikt ut frå bank til bank.
- Ta kontakt med banken eller skriverstova om du støyter på problem.



UTAN PLAST: Leiar Magne Aasbrenn vil gjerne sleppe å pakke inn Norsk Tidend i plast.

Foto: Noregs Mållag



VELVILJE: Det var mykje velvilje å spore då Oslo Mållag delte ut bollar langs

Oslo Mållag m

12. mai er dagen Stortinget vedtok å jamstille nynorsk med bokmål. **Oslo Mållag** skal frå no av markere dagen årleg, og dei oppmodar fleire lag om å slengje seg på.

OSLO MÅLLAG INVITERTE til byvandring med utdeling av bollar. I tillegg hadde laget på førehand oppmoda alle om å skrive nynorsk denne dagen, både på sosiale medium og andre stader, utan frykt for overivrig raud-pennar. Varoardførar Kamzy Gunaratnam, som vann Målblomen frå Oslo Mållag i vår, kviterte med eit Facebook-innlegg der ho gratulerte alle med dagen – sjølv sagt på nynorsk.

Blide fjes

Ein liten, men oppglødd flokk på rundt 25 sjeler møtte opp ved Ivar Aasens grav på Vår Frelsers gravlund, der leiar Ellen Hellebostad Toft heldt appell i høve dagen for det viktige jamstillingsvedtaket frå 1885. Frå gravlunden gjekk flokken vidare oppover Akerselva. Represantantar frå lokalmållaga i Oslo og

Hadeland delte ut heimebakte bollar til forbipasserande og fortalte om bakgrunnen for nynorskdagen og kor viktig jamstillingsvedtaket har vore for nynorsken. Over 150 bollar gjekk som varmt kveitebrød denne trivelege søndagsettermiddagen.

Overalt vart målvandrarane møtte med blide fjes og oppmuntrande tilbakemeldingar. Det er forunderleg kor mange av dei ein møter tilfeldig i Oslo, som fortel at dei har røter på Sunnmøre eller i Hallingdal og nær tilknyting til nynorsken, anten det no er fordi dei oppriktig støttar nynorsksaka, eller fordi dei gjerne vil setje tennene i ein freistande kveitebolle.

Ved Hønse-Lovisas hus på Sagene underheldt forfattar og styremedlem Mads Y. Rage med eit kåseri der han tok utgangspunkt i dei mange utsegnene

Er e-infinitiv karakteristisk for nynorsk?

NT YTRJING

Dersom det er meinings at nynorsken skal ha nytt prinsippromgram, er infinitivendinga eit av dei viktige spørsmåla å taka opp. Det er nemleg skapt ei førestilling om at e-infinitiv skal vera det «det normale» for nynorsken. Soleis har språket endra karakter.

Ivar Aasen valde a-infinitiv for **Landsmaalet**, og denne var eineform til 1917, då kløyvd infinitiv òg vart godkjend norm. I denne infinitiven har visse verb a-infinitiv, til dømes **vera** og **gjera** og fleire. Soleis seier ein 'å lesa og skrive', 'å eta og drikke'. Her er det altso ogso e-infinitiv, men ikkje åleine». Om det vart tidleg vanleg å skriva 'rein' e-infinitiv, vil ein kunna sjå i gamle skrifter. No er det heile snudd på hovudet: e-infinitiv har vorte «regelen».

Dette vert unaturleg for dei fleste, fordi dei har a-infinitiv eller kløyvd infinitiv i målføret sitt. Forma «gjere» vert særleg unaturleg, fordi denne finst mest berre i Sunnmøre og ytre Sogn. Det undrar meg då at skribentar frå til dømes Rogaland og Hallingdal fær seg til å skriva «gjere» og alle dei andre a-infinitivane i målet sitt. Dette burde by imot for språkkjensla.

I Ivar Aasens tid og lenge seinare var det ikkje e-infinitiv i nynorsken. No dominerer han over alt – i all offentleg skrift, i Språkrådet, i Mållaget og i alle blad. Og sjølv i «hjarta» åt målrørla, det som skulle signalisera den språklege identiteten – i Nynorsk Kultursentrums i Aasen-tunet, der har dei hus-norm med e-infinitiv. Denne gjeld òg for All-kunne, Olav H. Hauge-senteret og Vinje-senteret. Forlaget Samlaget 'hjelper' òg godt til, og tekstar i NRK må heller ikkje gløy mast.

Dette er eit innlegg i diskusjonen som Mållaget har bestemt seg for å gjennomføra – for å koma fram til eit nytt prinsippromgram for nynorsken. Infinitiv-endinga er då ei hovudsak, og eg vil oppmoda dei som meiner e-infinitiven er den mest naturlege for nynorsken, å leggja fram argumenta som talar for dette.

Hallvard Hegna



Akerselva.

Foto: Tyra Øfsthus Toft

arkerte nynorskdagen



TILRÅ MARKERING: Leiar Ellen Hellebostad Toft (i raud t-skjorte) i Oslo Mållag tilrår òg andre lokallag å markere dagen for jamstillingsvedtaket.

om at nynorsk er så vakkert. Han konkluderte med at om det ikkje var vakkert, så var det i det minste stygt på ein fascinerande måte.

Siste stopp på målvandringa var kafeen til bakeriet Godt brød i Nydalen, der både vandrarane og andre kafégjester fekk testa nynorskunnskapane sine i ein finurleg kviss.

--

Etter målgangen var Ellen Hellebostad Toft svært nøgd med denne første markeringa av nynorskdagen:

– Eg har vore svært spent på korleis dette ville gå. I mørke stunder såg eg for meg at avgangselever i russedrakt skulle arrangere

motdemonstrasjon på Vår Frelsers gravlund og rope ukvensord og ilske slagord mot sidemålsstilen, sa ho.

– *Det ville vel berre følgt opp ein stolt nynorsktradisjon som går heilt tilbake til Hulda Garborgs tid ved Det Norske Teatret i Oslo?*

– Ja, men vi har teke initiativ til nynorskdagen for å få fram dei positive sidene ved det språket vi er så glade i. Og dette gjekk over all forventning. Vi har berre møtt blide og positive menneske på målvandringa vår, og det verkar som vi har fått fram bodskapen. Ikkje minst var det hyggeleg at folk frå andre lokalmållag har komme og støtta opp om tilskipinga. Særleg dei slagferdige damene frå Hadeland Mållag har vore til stor hjelp her.

– *Så de kjem til å markere nynorskdagen neste år òg?*

– Ja, Oslo Mållag kjem definitivt til å markere jamstillingsvedtaket neste år òg. Og vi håpar mange andre lokallag blir med og feirar denne viktige dagen rundt om i heile landet. Neste år er det 135 år sidan jamstillingsvedtaket, og det er det sanneleg verdt å markere.

OLE JAN BORGUND
Øslo Mållag



SOGN DAL FOTBALL

- på lag med nynorsken

stao no pao

SparebankenVest

Lerum



FREDRIK HOPE
Leiar i Norsk Målungsdom

Ut med målform!

Har me to måtar å skriva norsk på, eller **to norske skriftspråk?**

KVA ORD OG omgrep vi nyttar om språk, er òg med på å styra haldningane våre til språka. I dag vert målform, språk og målføre – som tyder dialekt – brukte om ein annan. Kva som er eit språk og kva som er ei dialekt – eller ei målform – er ikkje berre eit spørsmål om språkvitskap. Det er mest eit spørsmål om språkpolitikk. Nokre seier at to språkvariantar er eigne språk når brukarane ikkje forstår kvarandre. Hadde det berre vore so enkelt.

NORMENN FORSTÅR STORT sett svensk og dansk. Bokmål og dansk er på mange måtar likare enn nynorsk og bokmål. Om likskap og forståing skulle avgjera aleine, må me seia at alle dei skandinaviske språka er eitt språk. Og det gjer me jo ikkje. I den finsk-ugriske leiren finn me tilsvarande problem. Finsk og kvensk er so like at kvenar og finnar forstår kvarandre godt. Likevel vedtok Stortinget i 2005 at kvensk ikkje lenger var ei finsk dialekt, men eit eige språk.

SAMNORSKIDEEN HAR STOR skuld i omgrevskauset. Tanken om at nynorsk og bokmål skulle tvingast saman, ført til at politikarane lenge ikkje ville bruka ordet språk. Den sokalla samnorskparagrafen vart oppheva i 2004. Då Grunnlova kom både i nynorsk- og bokmålsutgåve i 2014 var det eit tydeleg teikn – staten Noreg vil at me skal ha to norske skriftspråk òg i framtida.

ORDET MÅLFORM ER utdatert, ubestemmeleg og er i verste fall skadeleg for språka våre. I ordet ligg det ei forståing av at nynorsk og bokmål er former av same språk. Då vert det lettare å oversjå kva brukarane av det minste språket treng. Ordet tek vekk statusen til språka våre, og reduserer nynorsk og bokmål til kvar sin måte å skriva norsk på – i staden for to sjølvstendige skriftspråk med kvar sin skriftkultur, språkhistorie og litteratur.

KULTURMINISTER TRINE SKEI Grande har lova ei ny språklov, som skal erstatta dagens mållov. Heile den norske skulen er i endring, og i laupet av få år skal me få både nye læreplanar i norsk og ei ny opplæringslov. No har styresmaktene ein glimrande sjanse til å rydda opp i språket om språka våre. Då må me målfolk gå føre som gode føredøme: Kall ein spade for ein spade og eit språk for eit språk.



ETTERLYSTE TILTAK: Leiar Fredrik Hope og nestleiar Gunnhild Skjold var på Stortinget og etterlyste tiltak for nynorskbrukarane.

Foto: Norsk Målungsdom

Målretta tiltak for nynorsk gjennom kulturens kraft

NMU fekk gjennomslag i **familie- og kulturkomiteen** på Stortinget.

I **KOMITÉINNSTILLINGA** til stortingsmeldinga «Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida» går regjeringspartia, Høgre, Framstegspartiet, Kristeleg Folkeparti og Venstre, inn for målretta tiltak for nynorskbrukarane. Det er veldig bra, og eit resultat av at Norsk Målungsdom har arbeidd i korridorane.

